

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Norheimsund, 8.6.2018

Ny basisutstilling, Voss folkemuseum

Hardanger og Voss museum (HVM) søker med dette om **3 millionar kroner** til ny basisutstilling ved Voss folkemuseum. HVM har i strategisk plan og for økonomiplanperioden 2015–18 prioritert dette prosjektet, som vil gje Voss folkemuseum eit etterlengta løft. Samlingsbygget ved museet opna for publikum i 1985, og den gamle basisutstillinga var utdatert, både med tanke på innhald og formidlingsgrep. Ei ny basisutstilling vil trekkja nye besøkjande og brukarar til museet. Voss folkemuseum skal vera eit museum der historieformidling har høg kvalitet.

Prosjektet er todelt. Før den nye utstillinga vert bygd har det vore naudsynt med ei oppgradering av bygget. Dette arbeidet vert avslutta sommaren 2018, og den nye basisutstillinga skal etter planen opna i juni 2020.

Hardanger og Voss museum er den største kulturaktøren i regionen. Samlingsbygget på Mølster er eitt av dei viktigaste bygga våre, der det årleg vert vist fleire utstillingar, og der det jamleg er arrangement av ulikt slag.

Denne søknaden inneheld òg ein presentasjon av den nye utstillinga. Den vil femna vidt – den nye vil handla om tida fram til våre dagar, og utstillinga vil òg presentera langt fleire sider ved lokalsamfunnet enn den gamle. Målet er at utstillinga skal fortelja noko om korleis Vossabygda har vorte det samfunnet det er i dag, òg sett i eit regionalt og nasjonalt perspektiv.

Heile prosjektet vil styrkja Voss folkemuseum som attraksjon. Museet har dei siste åra hatt ein fin oppgang i besøkstala, og det er viktig å byggja vidare på den auka interessa. Me vil og skal dra til oss fleire, og me skal vekkja både fagleg og allmenn interesse. Voss folkemuseum skal vera eit aktuelt museum i dialog med omgjevnadane. Museet tek opp spørsmål knytt til endring og vekst, og set dette inn i samanheng med den rike natur- og kulturarven i regionen. God historieformidling er viktig og spanande i utforminga av det nye samfunnet. Utstillinga vil bidra positivt til reiselivsutviklinga på Voss, og styrkja Voss som reisemål. Tilbodet vil føra til at turistar oppheld seg

lenger på Voss, og vil gjera museet til ein endå meir attraktiv arbeidsplass. Voss er ein sentral skulestad, med elevar frå heile regionen, og dei bruker museet både i undervising og fritid.

Voss er eit regionsenter, og samlingsbygget på Mølster er eitt av dei viktigaste kulturbygga på Voss. Den nye basisutstillinga vil fullføra fornyinga Voss folkemuseum har arbeidd med dei siste året, og gjera museet til eit betre tilbod for fastbuande og tilreisande. Her er heilårsturisme, med stor vekst både sommar og vinter. Nærleiken til Sogn og Fjordane gjev Voss folkemuseum eit auka potensiale når dei to fylka vert slegne saman til regionen Vestland.

Oppgradering av bygget

Samlingsbygget stod ferdig i 1982, og opna altså for publikum i 1985. I desse åra har me sett eit behov for betre løysingar. Golvet var ujamt, og ventilasjonsanlegget var ikkje godt nok dimensjonert i 1982. Før me bygde ei ny utstilling måtte difor utstillingssalen få betre tekniske løysingar.

Me fekk ei breitt samansett arbeidsgruppe, leia av sivilarkitekt Gro Lavold, til å laga ein rapport der alle inngrep i bygget vart skisserte, saman med kostnader for desse utbetringane. Dei leverte notatet «Røynd», der dei kom med sine tilrådingar. Dei tekniske anlegga burde oppgraderast. Me burde gjera noko med alle flatene i rommet. Dei største kostnadene ville vera knytt til nytt ventilasjonsanlegg og nytt elektrisk anlegg med opplegg for dataløysingar. I rapporten deira har dei med estimerte kostnader for alle tiltaka.

For 2017 fekk HVM ei ekstraløyving på fem millionar frå Kulturdepartementet. Desse midlane skulle brukast på bygningane til museet, og HVM sette av om lag halvparten til oppgradering av samlingsbygget ved Voss folkemuseum. Dei pengane måtte brukast i 2017, slik at me måtte ta til med oppgraderinga før heile prosjektet var fullfinansiert. Me brukte difor midlar som var tenkt brukte på sjølve utstillinga. I oktober 2017 demonterte me den gamle basisutstillinga. Når lokala var tomme gjekk handverkarane i gang med arbeidet sitt, og sommaren 2018 er lokala finare enn nokon gong. Klimaanlegget er betre, og golva er planerte og klare til bruk.

Bakgrunn

Dei fyrste folkemusea vart skipa seint på 1800-talet. På dei fleste av desse vart bygningar flytta saman for å skapa eit historisk miljø. Seinare vart det som regel bygd éi eller fleire bygningar for utstillingar og magasin. Voss folkemuseum var bygd opp på same måte, med det viktige unntaket at bygningane her framleis står der dei stod då dei var i bruk.

Det var i stor grad den gamle folkekulturen som skulle dokumenterast og formidlast. Fyrst seinare vart også bykulturen presentert ved folkemusea, og også samtida fekk gradvis meir plass. Likevel er gjenstandssamlingane ved musea framleis dominerte av gjenstandar frå tida før 1900.

I 1985 kunne museet ynskja dei besøkande velkomne til eit nytt samlingsbygg. Basisutstillinga handla om bygdesamfunnet Voss fram til om lag 1900, der ulike tema vart godt presenterte i eigne rom. Som mange andre folkemuseum er me eit museum som i stor grad ser bakover, både tuna og utstillingane handlar grovt sett om jordbruksbygda Voss fram til år 1900. Det er ei ryddig og pedagogisk utstilling, der me viser fram mange godbitar frå dei rike samlingane våre.

Fornyng av folkemusea

Då folkemusea vart skipa dokumenterte dei si eiga nære fortid. I dag handlar utstillingane og samlingane ved dei fleste folkemusea om den meir fjerne fortida. Det bør vera slik at alle finn noko frå sin eigen generasjon på eit museum, at alle finn noko dei kjenner att. Folkemusea må i langt større grad inkludera den nære fortida i arbeidsområdet sitt. Det må alle folkemuseum gjera noko med, og bidraget vårt vil vera ein omfattande revisjon av basisutstillinga.

Denne utstillinga vil me endra, dels av di utstillinga må ta inn over seg at samfunnet har endra seg stort. Me ynskjer oss ei utstilling som dekkjer eit større tidsrom, og som òg presenterer langt fleire emne. Nye utstillingsteknikkar må takast i bruk, og nye generasjonar museumsgjestar har heilt andre forventingar til kva dei ventar å finna på eit museum. Som folkemuseum må me i langt større grad arbeida med den nære fortida, samtida og framtida.

Innhaldet må òg endrast av di 1900-talet var eit hundreår då svært mykje i samfunnet endra seg, både nasjonalt og lokalt. Levesett og dominerande næringar endra seg, den andre verdskrigen laga sår som ikkje er grodde i dag, oljefunna i Nordsjøen gjorde Noreg til eitt av dei rikaste landa i verda. Jamfører me med Noreg for hundre år sidan er her langt meir kulturell variasjon, kvardagen til born og unge er heilt annleis, dei nye generasjonane har heilt andre felles kulturelle referansar.

For eit museum som Voss folkemuseum, som har eit lokalt og regionalt ansvar, er det ikkje noko mål å visa fram desse nasjonale eller internasjonale prosessane i seg sjølv. Derimot er det spanande å sjå korleis hendingar frå eit større geografisk område har påverka vossingar og andre i regionen. Utstillinga har difor arbeidstittelen «Voss i verda».

Endringar i utstillinga

Ei intern arbeidsgruppe har dei siste åra drøfta innhaldet i utstillinga. Dei fylgjande emna vil verta høgt prioriterte:

* Jernbanen. Ikkje noko hending har endra lokalsamfunnet så mykje som opninga av Vossebanen mellom Voss og Bergen i 1883.

* Skulestaden. Her er eller har vore sju ulike vidaregåande skular, her er ein folkehøgskule som lenge var eit kultursentrum for bygda, og folkemusikkakademiet Ole Bull Akademiet held òg til her.

- * Musikk. Her er og har vore eit aktivt musikkmiljø, med fleire profilerte utøvarar, og med fleire nasjonale musikkfestivalar.
- * Skistaden Voss. I dag er Voss kjend for å vera ein stad der ein kan leika seg i skiløyper, eller driva med langt meir ekstreme idrettsformer.
- * Vossevangen. For 150 år sidan låg det berre nokre få hus på bygdesenteret Vossevangen. Etter at Vossebanen opna vaks det fram ein liten småby, som med åra vart eit kulturelt sentrum, for eit større område enn Voss kommune.
- * Jordbruket. Voss er den største jordbruksbygda i Hordaland, men det er færre bønder enn før, og dei driv gardane sine heilt annleis enn tilfellet var for berre nokre tiår sidan.
- * Næringsliv. Etter at Vossebanen opna fekk Voss eit større og meir variert næringsliv, der mellom anna verksemdar som Voss Skiferbrud (skipa 1895) eller Hordaland Mekaniske Verkstad (skipa 1935) var viktige.
- * Handverk og kunsthåndverk. I gjenstandssamlinga til museet finst det mange prov på det høge kunstnarlege nivået hjå vossingar.
- * Enkeltpersonar. I den noverande utstillinga handlar det mykje om dei anonyme «dei». I den nye basisutstillinga vil me dra fram kjende og ukjende vossingar som fortener det.

Arbeidsgruppa har òg drøfta overordna løysingar, og har samla seg om mellom anna desse:

- * Utstillinga skal vera gjenstandsbasert
- * Der skal vera taktile løysingar, altså element der dei besøkande kan bruka hendene
- * Der skal vera fleire tekniske løysingar enn i dag, men ikkje så mange at utstillinga vert opplevd som kald og upersonleg
- * Utstillinga skal vera dynamisk, det skal vera lett å endra delar av utstillinga
- * Me skal ikkje ha svar på alle spørsmåla, utstillinga skal òg vera eit rom for å skapa undring
- * Utstillinga må få fram at Voss i dag er eit mangfaldig samfunn, med innbyggjarar frå alle kantar av verda
- * Utstillinga skal sjølvsagt vera universelt utforma
- * Der skal vera eit eige område for born

På oppdrag frå oss laga utstillingsprodusentane SixSides eit framlegg til korleis utstillinga kan utformast. Dei foreslår ei tredelt løysing, der éin del av utstillinga handlar om det gamle bondesamfunnet, den neste delen handlar om endringane som kom etter at Vossebana opna i 1883, medan den siste delen handlar om Vossasamfunnet slik det er i dag.

Løysingane som vert skisserte i dette dokumentet må ikkje reknast som endelege. Der er likevel svært mange gode innspel, som me tek med oss i det vidare arbeidet.

Framdriftsplan

Sommaren 2018 står altså lokala klare. Me har arbeidd med manus dei siste åra, og har eit grovt inntrykk av korleis den nye utstillinga skal verta. Våren 2019 vert prosjektet lyst ut på Doffin, og saman med firmaet som får oppdraget arbeider me fram ei heilt ny utstilling som står klar til sommarsesongen 2020.

Økonomi

Våren 2017 har me samarbeidd med Mossige AS og ABO om korleis bygget best kan utbetrast. Samlingsbygget er teikna av Dag Mossige, og sonen Bård Mossige driv firmaet Mossige AS vidare. Han knytte til seg ABO, der systera Signe Mossige arbeider. Me har sett at prisoverslaga til Gro Lavold var litt låge, og har difor oppgradert kostnadene knytt til denne delen av arbeidet.

I arbeidet med utstillinga har me vore på fleire studieturar, både innanlands og utanlands. Me har vitja museum som relativt nyleg har opna nye utstillingar. Det har gjeve oss mykje ny kunnskap om emnet, på fleire felt. Det har mellom anna vore viktig å kartleggja kostnadene. Tal frå ti ulike museum, som alle har opna nye og store utstillingar dei siste seks åra, viser at kvadratmeterprisen varierer frå 9500 til 45 000 kroner. Snittprisen på desse ti utstillinga ligg på 23 000 kroner kvadratmeteren. I nokre tilfelle kan inngrep i bygget vera rekna inn, og me ser òg at det er dei tekniske løysingane som verkeleg dreg prisen opp. Me vil altså ikkje ha for mykje av dette, og legg oss difor litt under snittprisen. Utstillingsrommet vårt er på om lag 430 m², og tek utgangspunkt i ein kvadratmeterpris på om lag 18 500 kroner.

Kostnader

Ny basisutstilling	7 650 000
Endringar i bygget	5 500 000
Samla kostnader	13 150 000

Inntekter

Kulturdepartementet, øymerka utstilling	3 700 000
Voss kommune	2 000 000 *
Kulturdepartementet, øymerka bygg	2 500 000 *
Hordaland fylkeskommune	3 000 000
Voss Sparebank	500 000 *
Voss Veksel- og landmandsbank	500 000 *
Sparebanken Vest	300 000 *

Andre lokale kjelder (verksemder og privatpersonar)

650 000

Samla inntekter

13 150 000

Tilskot merka med stjerne (*) er stadfesta.

Med venleg helsing

Randi Bårtvedt (s)

Direktør, HVM

Eirik Helleve

Styrar, Voss folkemuseum

Vedlegg:

Gro Lavold et al: Røynd. Ny basisutstilling ved Voss folkemuseum (2016)

SixSides: Voss folkemuseum. Idéprosjekt for ny utstilling (2016)